



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eli Marita Vik Næss / 57655744

Vår referanse:
19/14199-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
04.02.2019

Fv. 609 Dalsfjordsambandet – sluttrapport

Vedlagt følger sluttrapport med vedlegg for fv. 609 Dalsfjordsambandet.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Svenn Egil Finden
avdelingsdirektør

Næss Eli Marita Vik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.



Fv. 609 Dalsfjordsambandet

Gjennomføringsfase

Sluttrapport



Dalsfjordbrua sett frå Nishamar

1. Samandrag	3
1.1.1. Gjenstående arbeid (Hausten 2018).....	3
1.1.2. Økonomi	3
1.1.3. Framdrift	4
1.1.4. Rettsak	4
1.1.5. Dødsulykke.....	4
1.1.6. Internrevisjon	4
2. Overordna rammer	5
2.1.1. Mål	6
2.1.2. Måloppnåing: samfunnsmål, effektmål og resultatmål	8
2.1.3. Kritiske suksessfaktorar	10
2.1.4. Rammevilkår.....	12
2.1.5. Grensesnitt	12
3. Gjennomføringsstrategi.....	13
3.1.1. Strategi for styring av usikkerheit.....	13
3.1.2. Kontraktsstrategi.....	13
3.1.3. Organisering- og bemanningsstrategi.....	14
3.1.4. kommunikasjonsstrategi	15
4. Styringsbasis	15
4.1.1. Arbeidsomfang og endringsstyring	15
4.1.2. Prosjektnedbrytningsstruktur (PNS)	15
4.1.3. HMS.....	15
4.1.4. Kostnadsoverslag, budsjett og investeringsplan.....	18
4.1.5. Framdriftsplan	20
4.1.6. Kvalitetssikring.....	20
4.1.7. Andre særskilte forhold på Dalsfjordsambandet:.....	21
4.1.7.1 støy- og støvplager i byggeperioden	21
4.1.7.2 Tiltak for å hindre ureining frå sjødeponi.....	21
5. Evaluering av prosjektgjennomføringa	22
6. Dokumentasjon	23
7. Foto frå anleggsperioden	23

1. Samandrag

Denne sluttrapporten vert diverre framsett fleire år etter at prosjektet vart opna. Det skuldast fleire høve men i hovudsak har rapporten vorte utsett i påvente av reklamasjonar og diverse etterarbeid som har pågått like fram til i dag og for enkelte anleggsdelar pågår endå.

Den siste større etterjobben vart gjort på Dalsfjordbrua sommaren 2017 då ein ettermonterte «stivarar» på hovudbærekablane for å fjerne eigensvingningane i kablane. Dette er noko som opptre frå tid til anna på enkelte hengebruer men såpass sjeldan at ein vanlegvis ikkje har dette med i den opprinnelege prosjekteringa. Elles utførde ein sikringsarbeid over Eikeneskrysset sommaren 2017, samt lenger aust på Eikenes i 2018.

1.1.1. Gjenstående arbeid (Hausten 2018)

Det er i hovusak to arbeid som gjenstår:

- a. SVV har no (hausten 2018) under vurdering om ein må skifte ut styringsprogrammeringa på tunnelane under Dalsfjordsambandet. Denne vurderinga vil pågå ei stund framover før ein kan konkludere. Viss ein må skifte ut programmeringa snakkar vi om millionkostnadar men langt på veg har ein midlar att på prosjektet som dekker dette, sjå under.
- b. Revisjon av reguleringsplanen for Askvollside (Fv. 609). Vi vart samde med Askvoll kommune under gjennomføringa at ein måtte revidere reguleringsplanen, men at dette kunne gjerast til slutt slik at planen syner det som er bygd. Vart fleire endringar i forhold til opprinneleg plan. Revideringa pågår men har drege ut i tid grunna forhandlingar med fylkesmannen om eit verna område på Steiehalsen.

1.1.2. Økonomi

Prosjekt 302469 – Dalsfjordsambandet vart rekneskapsmessig avslutta 31.12.2017. Attståande midlar vart flytta til prosjekt 305929 (Grunnerverv avslutta prosjekt).

Kostnadsramma» vart i SVV sin prosjektstyringsplan sett til 1 056 mill. i 2007-kr = 1 464 mill. i 2017-kr. Rekneskapen syner ein kostnad på 1 423 mill. 2017-kr. Det vil sei ca. 40 millionar kroner under ramma.

Derimot kjem ein ca. 56 millionar 2017-kroner over «styringsramma» som vart gjeven i prosjektstyringsplanen. Styringsramma var på 986 mill. 2007-kroner = 1 367 mill. 2017-kr.

Den ramma framkom då prosjektet var på kvalitetssikring-KS2 hjå Veritas med fleire. Dei konkluderte med at styringsramma burde være 1 030 mill. 2010-kr. Justert for endringar i mva. – reglane tilsvarar dette = 1 355 mill. 2017-kr. Dette vart brukt i SVV si prosjektbestilling og av fylkeskommunen. På denne har vi eit overforbruk på $(1\,423 - 1\,355) = 68$ mill. 2017-kr.

I ettertid av KS2-rapporten konkluderte vegdirektoratet (i nov.2009, sak 2008/104001-006) med at rammene burde vere noko høgare enn det Veritas m.fl. la til grunn men dette vart aldri lagt til grunn av fylkeskommunen. Vegdirektoratet konkluderte med at styringsramme og kostnadsramme skulle være høvesvis 1 071 MNOK og 1 143 MNOK i 2009-kr.

Konklusjon økonomi (alle tal i 2017-kr.):

- Prosjektet vart ca.40 mill. kr.rimelegare enn SVV sitt forslag til kostnadsramme (2,8%).
- Prosjektet vart ca.56 mill.kr. dyrare enn SVV sitt forslag til styringsramme. (4,1%).
- Prosjektet vart ca. 68 mill.kr. dyrare enn styringsramme frå KS2 som fylkeskommunen la til grunn i si budsjettering. Dette utgjør ei overskriding på omlag 5 %.

1.1.3. Framdrift

Vi har ikkje gått inn i framdrifta på alle 11 kontraktane, då desse varierte. Totalt sett gjekk derimot framdrifta godt. Vegopning vart i SVV sin prosjektstyringsplan av september 2008 planlagt til 1.kvartal 2014. Dette vart framskunda slik at vegopning vart gjennomført i desember 2013.

1.1.4. Rettsak

Hovudentreprenøren på veg- og tunnel tok ut rettsak mot byggherre (fylkeskommunen). SVV representerte på vanleg måte fylkeskommunen men også representantar frå fylkeskommunen deltok. Kravet frå NCC var i hovudsak delt i tre:

1. tidskrav for drift av rigg i forlenga byggetid
2. ineffektiv drift.
3. kostnadar grunna tunnelras Sætenes.

Entreprenøren påstod at alle tre krava skuldast byggherre sine endringar og feil med meir. Entreprenøren vann delvis fram med sine krav på nr. 1 og 2 medan byggherre fekk fullt medhald i at krav 3 måtte avvistast. Totalt var stevninga på 93,5 mill kr. medan SVV tilbydde 9,86 mill. (2012-kr.) NCC fekk tilkjent 48,2mill.kr. inkl. renter. Av dette hadde SVV betalt 9,86. Begge partar anka saka til lagmannsretten men før den kom opp der hadde vi inngått forlik gjennom sluttoppgjeret. Dommen kan lesast som sak 12-051372 TVI-FJOR (Fjordane tingrett).

1.1.5. Dødsulykke

Diverre omkom føraren av ein dumper som køyrde i sjøen frå tipplass på nordsida av dagens fv. 609 på Eikenes. Det vart teke ut etterforsking både frå politiet og arbeidstilsynet. Underentreprenør og byggherre (SVV) vart ilagt bot medan hovudentreprenør gjekk fri. SVV nekta å vedta det første forelegget. Dette vart revidert slik at SVV til slutt vart pålagt og vedtok ei bot på kr 300.000 etter dødsulykka. Som grunngeving vart brukt at: *SHA-planen inneholdt ikke vurderinger og tiltak knyttet til risiko for utforkjøring ved snuing av dumper.* Her må tilføyast at arbeidstilsynet kort tid i førevegen hadde gått gjennom SVV sin SHA-plan utan merknadar samt at underentreprenøren hadde levert gode arbeidsbeskrivelsar på tipplass.

1.1.6. Internrevisjon

Etter at anleggsperioden var over tinga SVV sjølv ein internrevisjonsrapport for å sjå om ein kunne lære noko av gjennomføringa. Rapporten er på mange sider og kan ikkje gjengjevast her, men konklusjonen var at gjennomføringa frå og med prosjekteringa hadde forbettringspotensiale som SVV har teke med seg vidare. Rapporten tok i hovudsak for seg

arbeida og organisasjonen knytta til veg- og tunnelkontraktane. Konklusjonane er også i hovudsak tekne inn i kap.5 under.

Revisjonsrapporten er tilgjengeleg i SVV sine arkiv på sak, SVEIS 2015004584-3.

2. Overordna rammer

Dalsfjordsambandet er eit fylkeskommunalt prosjekt i hovudsak med statlege løyvingar. Prosjektet omfattar fv. 57 på Fjalersida og fv. 609 på Askvollside. Arbeidet starta som eit riksvegprosjekt, men som følge av reforma i 2010 vart begge vegane omklassifiserte til fylkesvegar.

Prosjektet låg inne i handlingsprogrammet til Nasjonal transportplan med ei oppstartsløyving på 10 mill. kr. i år 2009 og vart deretter fullfinansiert med årlege løyvingar på vanleg måte.

Prosjektet omfattar:

- Dalsfjordbrua 523 meter hovudspenn + vidukter, hengebru.
- Nishammartunnelen med rundkøyring og tre armar 2.127meter inkl. portalar, T8,5.
- Ottersteintunnelen 1.947 meter inkl. portalar, T8,5.
- Strossing av Eikenestunnelen 559 meter inkl. portalar, T8,5 + siktutspr.
- ca.5,1 km med veg i dagen (ein del utbetring av eksisterande)
- = Totalt ca.10,2 km. med ny veg, tunnel og bru.



Oversiktskart med avgrensing av Dalsfjordsambandet beskrive med svart line og dei tre innsette «knappenålene». Raud line er gamal veg.

Dalsfjordsambandet har ei lang historie. Vegsambandet vart påbegynt på 70-talet med framføring av veg frå Eikenes og like inn til Steiehalsen der dagens Ottersteintunnel startar. Så vart det av ulike grunnar stopp i Løyvingane. Den lange kampen for å kome i løyvingsposisjon skjedde i første rekke politisk slik at SVV ikkje har førstehands kunnskap til den.

SVV hadde allereie på 70-talet kjøpt opp grunnen for vegen som ein planla den gangen. Dette arealet synte seg å være altfor lite til dagens trasee slik at grunnervervet måtte takast på nytt og utvidast. Tunnelen som i dag har fått namnet Dalsfjordtunnelen (tidlegare kalla Eikenestunnelen) vart også utsprengt på 70-talet. Men også den vart for liten i forhold til dagens vegnormalar, og måtte strossast ut til eit adskilleg større tverrsnitt.

2.1.1. Mål

Frå prosjektstyringsplanen kap.2.2 Prosjekt mål finn vi slike målsetningar:

«Samfunns mål:

Bygging av Dalsfjordbrua med tilførselsvegar vil gje betra framkomst i regionen. Det kan gi grunnlag for å utvikle regionen til eit samla bu-, arbeids- og skuleområde samt betra mogelegheiter for å utvikle sentrumsfunksjonar. Næringslivet i området får eit godt tilbod for transport av varer og tenester. Trafikkanalysen frå SINTEF (Dalsfjordsambandet. Supplering av trafikkanalyse fra 2004) viser ein Ådt på ca 750 i 2006. Ved at framtidige ferje-subsidiar (ferjedrifta) vert lagt inn i finansieringa av brua vil framtidige utgifter til dette falle bort. Rassikker veg mellom Dale og Setenes vil ha stor betydning for kommunikasjonen på strekninga.

Effekt mål:

I EFFEKT, som bereknar kost/nytte på parameterane, transportkostnader, tidskostnader og ulukkeskostnader, er det rekna på tre forskjellige alternativ for kryssing av Dalsfjorden. Dette er eit brualternativ frå Ottersteinen til Nishammaren og to ferjealternativ frå høvesvis Steiehalsen og Ottersteinen inn til Dale sentrum. Dei forskjellige alternativa er:

- * Alternativ 0 – Dagens alternativ (Samanlikningsalternativet)*
- * Alternativ 1 – Veg frå Eikenes til Ottersteinen + bru over til Nishammaren*
- * Alternativ 4 – Ny veg Eikenes – Steiehalsen. Ferje Steiehalsen – Dale.*
- * Alternativ 5 – Ny veg Eikenes – Ottersteinen. Ferje Ottersteinen – Dale.*

Uavhengig av bygging av Dalsfjordsambandet skal tunnelen i Nishammaren rassikrast. I analysen er det lagt til grunn at denne rassikringa er gjennomført.

Resultat frå analysen

Kostnader i perioden 2014-2038 (1000 kr diskontert)

		Alt 0	Alt 1	Alt 4	Alt 5
Totalsum		- 3 591 926	- 4 147 845	- 3 703 165	- 3 778 309
Lønnsemd- kriteriar	Netto nytte		- 555 919	- 111 239	- 186 384
	Netto nytte pr budsjett- krone		- 0,87	- 0,94	- 0,99

Detaljerte resultatutskrifter frå analysen finnes i Norconsult sin Nyttekostnads-analyse.

Alle dei tre alternativa som det har vore rekna på gjev negativ netto nytte. Det vil seie at ingen av prosjekta er lønsame i forhold til dei paramtera som ligg til grunn i EFFEKT. Det er derimot stor forskjell i kor stor den negative nytten er for dei tre alternativa. Alternativet med Dalsfjordbru har stor negativ nytte i forhold til dei to ferjealternativa. Netto nytte pr budsjettkrone (NNB) varierer mellom -0,87 og 0,99. Det er brualternativet som gjev best kostnadsforhold av dei tre alternativa, med NNB på -0,87. Dette til tross for at netto nytten er minst. Grunnen til at brualternativet kjem best ut er i hovudsak dei sparte tidskostnadane, sparte ferjekostnader (mindre overføringar) og nytten frå den nyskapte trafikken. Sjølv om brualternativet har NNB som er betre enn dei to ferjealternativa, gir dette alternativet størst negativ netto nytte. Det er derfor viktig å ikkje berre sjå på netto nytte pr budsjettkrone som beslutningskriterie sidan forskjellen i netto nytte er så stor.

Følgjande inngangsdata er lagt til grunn for

utrekninga: Opningsår: 2014

Anleggsperiode: 4 år

Felles prisnivå: 2006

Analyseperiode: 25 år (2014 – 2038)

Levetid: 40 år

Kalkulasjonsrente: 4,5 %

Gjennomsnittlig mva: 6,0 %

Skattefaktor: 1,20

Andel lange reiser: 2 %

Resultatmål:

Tid:

Det er lagt opp til ei finansiering med 10 mill. kr i 2009. Dette vil bli brukt til grunnerverv og byggeplanlegging med anleggsstart i 2010. Oppstart av anleggsarbeida vil vere avhengig av løyvingstakten framover for å sikre rasjonell anleggsdrift. Med ei byggjetid på ca.4 år, og oppstart 2010 kan prosjektet vera slutført i 2014.

Kostnader:

Prosjektet skal gjennomførast innanfor vedtekne kostnadsrammer, men målet for prosjektorganisasjonen er innanfor gitt styringsramme.

HMS og miljø:

Det er ei målsetjing å unngå arbeidsulykker med alvorlege skadar eller dødsfall. Ytre miljø skal heller ikkje forringast eller skadast. Ulukkesfrekvensen for entreprisedrifta, H-verdi, skal være mindre enn 5.

Kvalitet

Resultatmålet er å få bygd prosjektet i samsvar med reguleringsplanar og Statens vegvesen sine retningslinjer/handbøker, med riktig kvalitet. I reguleringsplanen er standardklasse H1 valt. Val av standard på veg, bru og tunnel er gjort ut frå trafikktalet og fartsgrensar.

Prioritering av mål.

Dersom det under gjennomføringa vert avdekkja at nokon av måla ikkje blir nådd utan å sette inn korrigerande tiltak, vil HMS og krav i forhold til vegnormalar, lover og forskrifter bli prioritert høgast. Ved kostnadsoverskridingar vil prosjektleiinga gå inn og vurdere omfang og standard på ulike element i prosjektet med grunnlag i bl.a. kuttlista som er utarbeidd.

Dalsfjordbrua vil ha følgjande resultatmål, i prioritert rekkefølge:

1. HMS og miljø
2. Kvalitet
3. Kostnader
4. Byggjetid»

2.1.2. Måloppnåing: samfunns mål, effektmål og resultatmål

Samfunnsmåla:

Desse ser ut til å ha fått god måloppnåing. Det er i 2017 ein ÅDT over Dalsfjordbrua på ca.712 mot 750 i prognosen som SINTEF utførde i 2004. Elles har det vore fleire presseoppslag om at butikane særskilt i Askvollområdet fekk ein vesentleg auka handel etter at Dalsfjordsambandet opna. Det synest også som at Fjaler- og Askvoll kommunar har utvikla seg til eit felles bu- og arbeidsområde slik målet var. SVV har ikkje føreteke noko nærare vurdering av måloppnåinga.

Effektmåla:

Alltid vanskeleg å angje måloppnåing for effektmåla. Alle utbyggingsalternativa for Dalsfjordsambandet kom ut med stor negativ netto nytte for samfunnet. Dette er vanleg for utbyggingar som ikkje ligg bynært og dermed får lægre trafikkgrunnlag. Vi vil framhalde at ein iallefall har fått fjerna den svært rasutsette strekinga på utsida av Nishammaren sidan ein la vegen i tunnel her. Dette gjev i seg sjølv ei stor samfunnsnytte for brukarane av vegen.

Resultatmåla:

Desse vart i prosjektstyringsplanen prioriterte slik:

1. HMS og miljø
2. Kvalitet
3. Kostnader
4. Byggjetid

For HMS og miljø vart diverre ikkje måloppnåinga som planlagt. Under kontrakta på veg- og tunnel fekk vi ei dødsulykke og i tillegg nokre mindre personskader. Også på kontraktane på bru var der personskader med fråvær og nokre som gav «mindre varige men», men så langt SVV kjenner til ingen som vart arbeidsufør, sjå kap.4.1.3 om HMS under.

På kvalitet er det bra måloppnåing med unntak av elektro i tunnel som vi framleis har reklamasjonssaker gåande på, sjå under. Også på veg- og tunnel fekk vi eit avvik ved at vi ikkje kunne bygge Ottersteintunnelen etter reguleringsplanen. Ein del reklamasjonar vart det under dei fleste kontraktene men desse er avslutta og utbetra.

På kostnader har vi bra måloppnåingar mot rammene som SVV la til grunn i sin prosjektstyringsplan medan vi har eit overforbruk på om lag 68 mill. 2017-kr. i forhold til ramma som fylkeskommunen la til grunn. Oppsummert får vi slike måloppnåingar (for nærare info sjå kapittel om økonomi under):

- SVV si kostnadsramme: 2,8% underforbruk (41 million 2017-kr. til gode)
- SVV si styringsramme: ca.4% overforbruk (56 million 2017-kr.)
- Fylkeskommunen (løyvande organ) si styringsramme: 5% overforbruk (1423 – 1355) = **68 mill. 2017-kr.**

SVV seier seg rimeleg godt nøgde med at vi har halde oss innafor eiga kostnadsramme, men ein burde også ha helde seg innafor eiga styringsramme. Det var uheldig at fylkeskommunen fekk opplyst (og la til grunn) ei anna styringsramme gjennom KS2 enn det SVV tilrådde. I SVV si prosjektbestilling måtte vi legge til grunn styringsramma som framkom gjennom KS2 (frå Veritas m.fl.). Den vart sett til 1 030 mill. 2010-kr. = 1 267 mill. 2017-kr. Dette la fylkeskommunen til grunn i si budsjettering, noko som førde til at overskridinga vart større og på om lag 68 mill.-2017-kr. (inkl. endringar i mva-lova). Dette overforbruket utgjer om lag 5% og er for høgt. Det må takast med at det vart rettsak mellom byggherre og entreprenøren på veg- og tunnelkontrakta. Ei slik sak inneber alltid usikre moment for både partar, og vi var ikkje heilt nøgde med dommen sjølv om den var langt meir positiv for SVV og fylkeskommunen enn kva som vart gjengjeve av media. Til slutt inngjekk vi forlik med denne entreprenøren men det var i hovusak på denne kontrakta at vi fekk dei største overskridingane. Elles vart det mykje meir sikringsarbeid i fjellsikringane på Eikenes enn ein såg føre seg i prosjekteringsfasen. Dette kosta store summar og må i hovudsak ta ansvaret for økonomiske overskridingar.

Byggetida gjekk svært bra. Her såg ein for seg at prosjektet kunne opne i 2014 då ein skreiv prosjektstyringsplanen i 2008-09. Opning for heile parsellen vart gjennomført i desember 2013. Dalesida med ny veg gjennom Nishamartunnelen vart opna så tidleg som juni 2013. Her vart rett nok laga framdriftsplanar seinare i prosjektet som gav ei noko raskare framdrift enn kva som vart føreset i prosjektstyringsplanen men det var meir for å sikre framdrifta hjå dei ulike entreprenørane.

Om målprioriteringa er fulgt vert alltid eit skjønn og vil verte ulikt oppfatta alt etter kva rolle ein har hatt i prosjektet. SVV sette iallfall sterk fokus på HMS og hadde eigen HMS-koordinator i prosjektet heile tida fram til opning. Ein vil tidvis oppleve at entreprenørar har større fokus på eigne kostnader enn HMS men dei alle fleste pålegg frå byggherre vart etterkomne og utbetra. Så står det likevel att som ein svært uheldig skygge over anlegget at vi fekk ei dødsulykke der ein dumper frå ein underentreprenør køyrde seg i Dalsfjorden.

Vi kan ikkje sjå at det vart avvik frå målformuleringane. Måla vart vidareførte inn i gjennomføringsfasen og var klare nok både for entreprenørar og byggherrepersonell.

2.1.3. Kritiske suksessfaktorar

Kritiske suksessfaktorar vart vurderte gjennom prosjektstyringsplanen pkt.2.2.4.

Vi gjengjev faktorane med våre kommentarar i høgre kolonne på kor godt ein lukkast med å oppnå suksess kring faktorane:

Kritiske suksessfaktorar:		
Faktor:	Tiltak / Merknad:	
HMS/Ytre miljø:		Vurdering etter utføring:
<i>Gjennomføre prosjektet utan skade på menneskjer eller miljø.</i>	<i>Aktivt forhold til HMS-planar ved krav og oppfølging. Skape ei positiv haldning til HMS. Informasjon.</i>	Vart jobba svært aktivt frå byggherre si side men fekk likevel nokre personskader og ei dødsulykke. Meiner likevel dei fleste aktørane i utførelsen hadde ei positiv haldning til HMS.
<i>Krav til byggjeplan</i>	<i>Legge vekt på risikovurderingar. Utarbeide miljøoppfølgingsprogram (MOP).</i>	Risikovurderingar vart oppfulgt og revidert fleire ganger innan alle kontraktene. Også miljøoppfølgingsprogram vart utarbeidd og oppfulgt særskilt med sikte på sjødeponiet. Dette fungerte godt og vart veldokumentert.
<i>Krav til innhaldet i konkurransegrunnlaget</i>	<i>Kvalitetssikre mht HMS før tilbodskonkurransen</i>	Vart oppfulgt på vanleg måte ved bruk av standard utlysingsstekstar (R763.) HMS-krava var godt «synlege» i anbodsdok. og kontrakt.
<i>Krav til entreprenøren</i>	<i>Krav til HMS-rutiner, rapportering av nestenulukker, opplæring. Hensyn til naboar og ytre miljø.</i>	Vart oppfulgt på vanleg måte ved bruk av standard kontraktsgrunnlag (HB 066.) HMS-krava var godt «synlege» i anbodsdok. og kontrakt.
<i>Oppfølging i byggjeperioden</i>	<i>Oppfølging av entreprenørens HMS-rutiner i byggjemøter og ved HMS-revisjonar.</i>	Vart også gjort. HMS stod på dagsorden i alle byggjemøte. Arbeidstilsynet var fleire ganger på revisjonar innan dei store kontraktene.
Kvalitet		
<i>Følgje normalar og retningslinjer</i>	<i>Syte for fråviksbehandling der det er påkravd og ønskjeleg å fråvike normalkrava.</i>	Normalar og retningslinjer vart fulgt så langt det let seg gjere. Fleire fråvik vart omsøkte og gjevne slik at dei er i lovleg form.

<i>Teknisk kvalitet.</i>	<i>Stille krav til entreprenørane om dokumentasjon på kvalitet, herunder også avviksrapportering / avviksbehandling. God oppfølging frå byggherren si sida, med omsyn til stikkprøvekontrollar og bruk av kvalitetsrevisjonar</i>	Dette kunne vi generelt vore betre på (noko som er vanleg i gjennomføringsfase). Avvik i utføring vart i all hovudsak oppfulgt ved hjelp av kontrollørmeldingar frå byggherre (og dermed utbetra) men vi krevde nok ikkje avvikshandsaming i særleg grad. Skulle også vore kravd betre dokumentasjon på FDV-rutinar.
<i>Gjennomføre informasjon til omgivingane, og internt på prosjektet, på ein god måte.</i>	<i>Lage informasjonsplan, og ha tilstrekkelege ressursar for gjennomføring av informasjonsopplegget. Etablere eit godt samarbeid om informasjonsarbeidet.</i>	Hadde gjennom heile gjennomføringsfasen ein fast tilknytt person frå kommunikasjonsavd. Informasjonsplan vart laga.

Kostnad:		
Faktor:	Tiltak:	Vurdering etter utføring:
<i>Redusere usikkerhet/risiko ved utføring som fører med seg kostnadsauke. Incitament til å redusera kostnadane.</i>	<i>Sikre godt grunnlagsmateriale, særlig mht grunnforhold/geologi. Val av entrepriseform, utnytta incitamentsordningar for å redusere kostnadane. Ved val av framdrift vil ein forsøke å få kritiske operasjonar på gunstige årstider.</i>	Her var vi rett og slett ikkje gode nok. Burde ha føreteke meir geotekniske undersøkingar (grunnboringar) som grunnlag for anbudsdocumenta. Dette vart kritisert både i rettsaka og i SVV sin internrevisjon., jf. SVEIS 2015004584-3. Entrepriseformene vart valt på vanleg måte og slik som på liknande prosjekt. Det fungerte greitt med nokre unntak på «kontaktflatene» mellom entreprisane.
<i>Gode byggeplanar.</i>	<i>Optimale tekniske løysingar i forhold til økonomi og kvalitet (både bygge-, og framtidige drifts-/vedlikehaldskostnader).</i>	Ok, vegdirektoratet prosjekterte brua og Ressursavd. vegar- og tunnellar men det vart brukt konsulent på deler av tunnelprosjekteringa.
<i>Godt samarbeidsklima mot samarbeidspartar, innan Vegvesenet generelt og internt i prosjektorganisasjonen.</i>	<i>Få god lagånd og entusiasme internt i prosjektorganisasjonen. Tilstrebe god kommunikasjon med, og informasjon til, aktuelle samarbeidspartar.</i>	Dette er eit av punkta som har fått merknad ved seg i internrevisjonen sin rapport. Vart som sagt rettsak mellom ein av entreprenørane og SVV. Det set alltid sine spor på samarbeidet.
<i>Rett-tidig, og kompetent bemanning av prosjektet.</i>	<i>Få på plass tilstrekkeleg og høgt kvalifisert teknisk og økonomisk personell i tide. Avklare ansvar og roller, få på plass styringssystem og rapporteringsrutinar. Aktiv bruk av den kompetanse som er opparbeida frå dei siste</i>	Ok, men prosjektet kunne vore oppbemanna på eit tidlegare tidspunkt.
<i>Kostnadskontroll</i>	<i>Løpande økonomisk oppfølging. Høg beredskap på oppfølging av endringar.</i>	Ok, økonomioppfølging ved hjelp av SVV sine dataprogram og rapporteringsrutinar.
<i>Marknadsvurderingar / kontraksstrategi</i>	<i>Følgje opp og vurdere marknadssituasjonen, og eventuelt å justera konkurransegrunnlaget og kontraksstrategi undervegs.</i>	Ok.

<i>Finansiering</i>	<i>Tildeling til prosjektet tilpassa optimal framdrift ved å være aktiv i budsjettprosessane regionalt.</i>	Ok, årlege løyvingar vart gjevne.
Byggjetid		
<i>Byggherreorganisasjonen må få utarbeid byggjeplan og anbudsgrunnlag og lyst ut konkurransegrunnlag tilstrekkeleg tidlig før byggjearbeida startar.</i>	<i>Riktig kompetanse og kapasitet for gjennomføring av byggjeplanlegginga, og for byggherreoppgåvene generelt.</i>	Gjekk veldig bra. Prosjektet opna før planlagt.

2.1.4. Rammevilkår

Eksterne rammevilkår er forutan gjeldande reguleringsplanar, gitt gjennom eit sett av lover, forskrifter og retningslinjer. Elles syner ein særleg til handbok 151 (no R760) og prosjektet sin Kvalitets- og HMS-plan, for meir omfattande oversikter og rutinar. Interne rammevilkår er gitt som retningslinjer i handbøker.

Rammevilkåra vert i stor grad gjengjevne (eller synt til) i konkurransegrunnlaget (anbudsgrunnlaget). Deretter vert det på vanleg måte kontrollert at entreprenørane oppfyller både dei interne og eksterne rammevilkåra. Dette hadde fokus gjennom heile gjennomføringsfasen. Vi fekk eit avvik ved at vi ikkje kunne bygge i samsvar med reuleringsplanen for Askvollside (fv. 609). Dette vart avklart med Askvoll kommune som godtok at vi oppdaterar reguleringsplanen etterpå.

2.1.5. Grensesnitt

Det vart skilt mellom tekniske, organisatoriske og kommersielle grensesnitt. Under gjennomgangen vart det vektlagt å beskriva grensesnitta, og i mindre grad korleis dei skal handterast.

Dei tekniske grensesnitta er dei mest krevjande når ein skal gjennomføre eit stort prosjekt med mange entreprisar. Entreprenørane vil ofte utnytte grensesnitta til å krevje tillegg, slik vart det også her. Dette var vi klar over og hadde fokus på slik at vi klarde å handsame krava på ein ok måte men mindre tillegg vart utbetalt. Organisatoriske grensesnitt var godt avklarte på forhand slik at ein viste om kvarandre og kven som hadde prosjekteringsansvar, byggeleiaransvar o.s.v.

3. Gjennomføringsstrategi

3.1.1. Strategi for styring av usikkerheit

Usikkerheitsprofilen vart på vanleg måte sett opp i anslagsrapporten (18.jan.2008). Byggetida vart då vurdert som den største usikkerheita med 26% og med planlegging/prosjektering som den nest største med 17%. Byggetida vart godt styrt og som sagt opna prosjektet før dato som vart oppsett i prosjektstyringsplanen. Usikkerheita vart styrt på fleire nivå slik prosjektstyringsplanen la opp til, klare dagmulkbelagde fristar vart avtalte i kontraktene, entreprenørane måtte utarbeide forpliktande framdriftsplanar samt halde desse oppdaterte, arbeidsprosedyrar og sikker jobbanalyser vart utarbeidde og følgde.

3.1.2. Kontraksstrategi

Anskaffingar, det vil sei entreprisar og varekjøp på prosjektet, vart gjort i samsvar med "Lov om offentlige anskaffelser og "Forskrift om offentlige anskaffelser, som gjaldt den gang.

Tilbudsgrunnlag for entrepriseoppdraga vart utforma i medhald av handbøkene:

- 066: Anbudsgrunnlag.
- 025: Prosesskode – 1, Standard arbeidsbeskrivelse for vegarbeidsdriften.
- 026: Prosesskode – 2, Standard arbeidsbeskrivelse for bruer og kaier.

Det vart brukt *einingspriskontraktar med regulerbare mengder* som avtaleform. Det er ei kontraktsform som Statens vegvesen har lang erfaring med og framleis brukar i stor utstrekning.

Entrepriseinndelinga var slik:


1. Veg- og tunnelarbeid. (både fv. 57 i Fjaler og fv. 609 i Askvoll kommune). NCC Construction as, hovudentreprenør.
2. Elektro i tunnel, One Nordic kraftmontasje as, sideentreprenør til NCC.
3. Bru, betongarbeid, Bilfinger Berger as, Tyskland.
4. Bru, stålarbeid, HSM, Nederland.
5. Hengekablar bru, Redaelli Tecna SPA, Italia.
6. Plater- og stag på bru, MT Højgaard as, Danmark
7. Hengestangfester bru, MT Højgaard as, Danmark.
8. Fjellsikringsarbeid langs fv.609 Askvollsida, Fjærby as.
9. Etterarbeid veg- og deponi Otterstein, Mass Kjell Myklebust as.
10. Etterarbeid planering av deponi Dalesida, Entreprenørservice as.
11. Etterarbeid Avstiving av bærekabel i sidespenn, Vertikalservice as.

Nr. 9, 10 og 11 var ikkje med i dei opprinnelege planane men det syntte seg av ulike grunnar å være trong for desse mindre entreprisane. Entrepriseinndelinga- og kontraktsformene er i stor grad tekne frå andre liknande prosjekt. Alle desse 11 var kontrakter mellom SVV og entreprenøren, i tillegg var det underentreprenørar og leverandørar under dei fleste av desse.

Entreprise nr. 5, 6 og 7 var reine innkjøp (leveransar) der entreprise nr.3 stod for monteringa på brua. Det er klart at slik inndeling gjev store tilleggskostnadar viss ein eller fleire av leveransane vert forseinka. Dette førde til mykje arbeid og oppfølging også på Dalsfjordbrua men grunna oppfølginga unngjekk vi forseinkingar på desse leveransane. Vi vil likevel rå til at entreprise nr.3, 4, 5 og 6 vert slegne saman til ein entreprise på slike prosjekt (som t.d. på Farrisbrua).

Elles fungerte kontraktsforma *einingspriskontraktar med regulerbare mengder* godt og gav gode muligheter for å tinge arbeid / tillegg for avtalte einingsprisar. På denne kontraktsforma får entreprenøren betalt for dei mengder han utfører korkje meir eller mindre, dette slo heldig ut på Dalsfjordsambandet. Det er ikkje alltid slik viss mengdene er «låste» på forhand.

3.1.3. Organisering- og bemanningsstrategi



Organisasjonskart for byggherreorganisasjonen i utførelsesfasen juni 2012. Hadde også organisasjonsplanar for kvar enkelt entrepise. Seksjonsleiar var også prosjekteigar.

Byggherreorganisasjonen vart opplevd som passande i storleik. I SVV sin internrevisjonsrapport vert det reist spørsmål ved om organisasjonen burde vore på plass i Dale på eit tidlegare tidspunkt, jf. SVEIS 2015004584-3. Det var også mange nyttilsette i byggherreorganisasjonen som måtte ha opplæring i alle systema og rutina til SVV. I revisjonsrapporten vert det også reist spørsmål ved om samarbeidet internt i byggherreorganisasjonen kunne vore betre. Det er diverre ikkje mange att i SVV i dag (2018) som var i sentrale roller i byggherreorganisasjonen men nokre finn ein, desse er konsultert som eit lekk i arbeidet med denne sluttrapporten.

3.1.4. kommunikasjonsstrategi

Det vart utarbeidd kommunikasjonsplan med miløpælar på vanleg måte etter SVV sin standard. SVV sin kommunikasjonsavdeling bistod med fast oppnemnde personer. Ekstern kommunikasjon fungerte stort sett greitt. Det gjorde den i hovudsak også internt men mellom kontraktene kunne kommunikasjonen vore betre noko også internrevisjonen påpeikar. Særskilt utfordrande vart det ved ulykker og rettsak med stor mediainteresse. Vi hadde også fleire episodar med ras og stenging av anleggsveg noko som kom media for øyre og vart brukt til store oppslag. Dette vart utfordrande å handtere for byggherreorganisasjonen som følte at ein kom i skvis mellom entreprenør, HMS og framdrift.

4. Styringsbasis

4.1.1. Arbeidsomfang og endringsstyring

Det vart til dels store endringar særskilt på kontrakta for veg- og tunnel. Det kom her inn 549 varsel- og krav frå entreprenør. På langt nær alle vart godkjende og mange vart det usemje om men likevel måtte byggherre godkjenne ca.312 stk. I revisjonsrapporten vert dette teke som ein dokumentasjon på at prosjekteringa var noko mangelfull, det var det også semje om i byggherreorganisasjonen. Det er på det reine at dette saman med ei krevjande rettsak genererte stor mengde arbeid i byggherreorganisasjonen. Det vart leigt inn ekstraressursar for å avhjelpe arbeidssituasjonen noko det også gjorde.

Det tilkom også endringar på dei andre kontraktene, men ikkje på langt nær i slikt omfang som på veg- og tunnel.

4.1.2. Prosjektnedbrytningsstruktur (PNS)

Dette innverka lite på arbeid- og resultat. Det viktigaste her var entrepris- og kontraktsstrategi samt kontraktsinndelinga. Ein valgte ein «vanleg» prosjektnedbrytningsstruktur i anslaget og føreheldt oss til den seinare.

4.1.3. HMS

Generelt: Sett frå eit HMS-perspektiv var prosjektet i si heilheit eit anlegg som var utfordrande å ha kontroll over i gjennomføringsfasen. Byggherren sleit med å få kontraktspartane til å ha rutiner og barrierer i arbeidsoperasjonane som nådde ut til ytterste ledd. Hovudentreprenøren sitt ansvar om å samordne med underentreprenørane var ei utfordring på alle entreprisane. Utenlandske kontraktspartar som ikkje hadde kultur og krav til HMS-arbeid gjorde arbeidet med oppfølging ytterligare vanskeleg. At enkelte HMS-tiltak ikkje var prisberande postar i kontrakta medførte også til manglande oppfølging hos kontraktspart.

Statens vegvesen sine kontrakter krev at hovudentreprenør samordnar sitt arbeid og HMS med underentreprenør. Byggherren skal forholde seg til kontraktspart. Dette er ei utfordring å omsette i praksis ettersom mykje av arbeidet blir sett vekk til underentreprenørar. I tillegg eit dilemma når ulykker oppstår fordi Arbeidstilsynet forheld seg direkte til vedkommande arbeidsgjevar (underentreprenør) som ansvarleg for at arbeidsmiljøet er forsvarleg.

Hendingar:

Kontrakt: Dalsfjordsambandet veg og tunnel, HE: NCC, sideentreprenør elektro tunnel: ONE Nordic

K5-hending januar 2013: ung dumperfører, ansatt hos underentreprenør, omkom etter utforkøyning og drukning. Årsaka var at han ved rygging kom utfor kant og havna i fjorden. Tiltak: I etterkant blei det opparbeidd snuplass i området. Statens vegvesen og underentreprnør K.A.Aurstad vart ilagt bot. Hovudentreprenør NCC vart ikkje ilagt bot.

Kontrakt: BRU-01 Betongarbeid, HE: Bilfinger Berger, (Tyskland)

K4-hending november 2011: Under arbeid med montering av arbeidstillas blei peikefinger hos underentreprenør hos ISAR klemt mellom monteringsdeler. Deler av fingen blei amputert.

Årsak ikkje spesifisert.

Tiltak: Statens vegvesen hadde møte med kontraktspart iht. krav i etatsprosedyre. Fokus på rutiner hos den enkelte ved slike arbeidsoperasjoner.

K4-hending juli 2012: Under saging med sirkelsag kutta UE-ansatt frå ISAR av deler av venstre tommel.

Årsak: Uforsiktig bruk og for lite fokus på personleg sikkerheit.

Tiltak:Høgare fokus på faren ved bruk av maskinelt utstyr. Statens vegvesen hadde møte med kontraktspart iht. krav i etatsprosedyre.

Potensiell K5-hending juli 2012: Ein palle med ca. eit tonn sekker sement skulle løftast med tårnkranen og plasserast på planumsrigel. Under kranløftet hekta pallen seg i gangbrua mellom brutårna og kom ut av stilling. Alle sekkane datt av pallen og trefte arbeidsplattforma ved planumsrigel, ca.12-14 meter under. Sekkane knuste hol i arbeidsplattforma og sement fall vidare ned ca.70 meter til bakken ved fundamenta. Kontakten mellom WTEW-ansatt i tårnkranen og WTEW-ansatt som stod på planumsrigel for å ta i mot pallen var kun gjennom radiosamband. Dei såg ikkje kvarandre. Begge har jobba lenge på anlegget og har erfaring med denne arbeidsoperasjonen.

Det oppheldt seg 2 personer inne på planumsrigel i avstand ca. 2-3 meter frå der sekkane traff. Ingen personskade. Materielle skader for ca. kr 5000.

Årsak: Misforståelse i kommunikasjonen mellom kranfører og mottakar på planumsrigel.

Tiltak: Statens vegvesen fulgte opp krav iht. etatsprosedyre og kalla kontraktspart inn til møte.

Kontrakt: BRU 02 Stål og montasjearbeid, HE: HSM BV (Nederland)

K4-hending november 2012: Wire-klemme glapp under trekking av catwalk-kabel. Ein person stod i loopen mellom kabel og trommel. Ein kollega fekk evakuert vedkommande og unngjekk at han blei klemt. Han som hjalp til fekk øydelagt ein virvel i ryggen og måtte opererast.

Årsak: Det var utarbeidd SJA, men risikovurderinga var for dårleg. Ikkje på førehand definert som spesifisert risikofylt arbeidsoperasjon. HSM bekrefta fylgjande i møtet:

- Ikkje eigen prosedyre på bruk av wire-klemme:
- Prosedyre på forankring av klemme mangla. HSM var kjent med at Wire-klemme kunne glippe.

- Personer oppheldt seg i faresone: Ein av personane stod mellom trommel og kabel når wire-klemma glapp. Vedkommande var erfaren og kjent med at han stod uheldig plassert.

Tiltak: Byggherren stansa vidare arbeid inntil prosedyre var utarbeidd og kalla inn til møte med kontraktspart iht prosedyre. Arbeidstilsynet hadde kontroll dagen etter og krevde også stans i arbeidet.

Meir fokus på opplæring av personer. Utarbeide prosedyre for godkjenning av utstyr.

-Utarbeide prosedyre for bruk av utstyr.

Potensiell K5- hending september 2013:

Ved demontering av catwalk-kabel blei Iron-grip klemmer brukt for å avlaste og halde kabelen før kutting og vidare senking med vinsj. Når kabel nr. 11 av 12 blei kutta i tårntopp, glapp forbindelsen mellom loopen/catwalk-kabelen og klemmer (Iron –Grip). Midtspennkabelen fall i fjorden. På veg ned traff den 3 stk stillasvogner som heng under brua. Desse blir brukt som stillas for malere/ inspeksjon. Vogn nr. 1 som hang nærmast tårnet ved hengestag nr.5, blei slått laus og havna i fjorden. Vogn nr. 2 blei treft og øydelagt i toppen, men ikkje slått laus. Denne heng ved hengestag nr. 11. 4 personer oppheldt seg i vogn nr. 2. Kabelen trefte til slutt vogn nr. 3 som heng på Nishammar side. Denne blei ikkje synlig øydelagt. 2 personer oppheldt seg i vogn nr. 3.

Det vart mindre materielle skader, men heldigvis ingen personskader.

HSM varsla ikkje byggherren om hendinga. Byggherren fekk melding via andre og tok sjølv kontakt med HSM.

Årsak: Fleire punkt i utarbeidd prosedyre etter hending november 2012, når kablane blei trekt, blei ikkje fulgt opp når kablane no skulle demonterast.

Evakuering av personer oppå brua var iverksett, men ikkje evakuering av personer i stillasvogner under brua.

Tiltak: Byggherren måtte gjennomføre fleire møte med kontraktspart før pålagte tiltak var på plass og stans av arbeid kunne opphevast. Arbeidstilsynet hadde møte med involverte partar og gav pålegg om gjennomføring av debriefing til dei involverte. Prosjektleiinga hos kontraktspart, prosjektleiar og HMS-koordinator hos byggherren blei innkalla til møte hos regionssjefen.

HMS-indikatorar:

Entreprenør	Personskadar med fråvær	Tal fråværs-dagar	Personskadar utan fråvær	Materielle Skadar	Andre skadar	Nestenulykke/ Farleg forhold	Timeverk	H1 H2 N
